



Leiar Kristian Bringedal i UU

Det var ingen særleg profilerte på listene frå vår bygd og heller ingen kumulerte, påpeikar leiar i Uskedal Utvikling Kristian Bringedal til Grenda etter valet som ikkje ga nokon representasjon frå Uskedalen denne gongen. Han er ikkje overraska over dette.

Han held også fram at valdeltakinga kan synest låg, som ein protest mot reduksjonen i talet på valkrinsar. Dette er uheldig, men ein kritikk vi må ta både innad og utad. Før røystinga er full-digitalisert må ein til ein viss grad oppretthalda talet på valkrinsar, meiner Bringedal. Då Uskedalen var eigen krins, låg oppslutnaden rundt 63 prosent og Bringedal trur talet var mykje lågare no.

Han har høyrte det frå valfunksjonærane og det slo negativt ut for bygda. Bringedal varslar at UU vil jobba hardt for å få best mogeleg kompensasjon for bortfallet av kommunestyrerepresentantar.

Både på neste styremøte og neste ope møtei UU vert det eit tema korleis ein kan påverka beslutningsprosessane i kommunen. Han trur ein kan delvis kompensera ved å jobba endå tettare opp mot partia og kommuneadministrasjonen og ved å invitera politikarane til å koma på møte i Uskedalen. Den nye ordføraren vert invitert til novembermøtet, opplyser Bringedal til uskedalen.no

Tekst, og nett: Ola Matti Mathisen